

## Saksframlegg

Saksbehandlar: Arlen Synnøve Bidne, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 16/8149-10

### Statsbudsjettet 2017 kap. 1429 post 79 Verdsarv fordeling av tilskot

#### Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Inntil kr. 210 000 vert tildelt istandsetjinga av Edling-Hans-stova i Aurland kommune. Midlane vert henta frå fyljande tilbaketrekte tilskot:
  - a. Våningshus i Hatlelidgarden kr. 10 000 (tildelt i 2011)
  - b. Løe på Solbakken kr. 200 000 (tildelt i 2014)
2. Dersom fylkeskommunen får auka tilskot til tiltak i verdsarvområdet frå post 79 vert desse midlane løyvde som tilleggsløyving til Hansaløa i Undredal. 10% av eit ev auka tilskot vert sett av til restaureringsleiar.
3. Fylkesdirektøren set nærare vilkår for bruk av dei løyvde tilskota.

#### Vedlegg:

##### Andre relevante dokument i saka:

HK-sak 15/12

HK-sak 14/14

HNK-sak 22/17

Søknad av 31. mai 2017 frå eigar av Edling-Hans-stova om ekstra tilskot

Søknad av 28. november 2016 frå eigar av Hansaløa om tilskot for 2017

Riksantikvaren sine retningsliner for bruk av tilskot

## SAKSFRAMSTILLING

### 1. Bakgrunn for saka

#### **Tilbaketrekte midlar**

Kvart år løyver fylkeskommunen tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 post 79 tilskot til verdsarven, til ulike prosjekt i fylket. Når tilskot vert tildelt skal dei i utgangspunktet nyttast i det året dei vert løyvde. Av ulike grunnar er det nokre prosjekt som ikkje vert ferdigstilt eller starta opp innan fristen for bruk av tilskotet. I desse sakene kan eigar søkje om utsatt frist for ferdigstilling og fylkeskommunen imøtekjem desse søknadane så langt det let seg gjere innanfor retningslinene for bruk av tilskot. Likevel er det nokre prosjekt der vi dessverre er nøydd til å trekkje tilbake det løyvde tilskotet for å omfordele det til andre prosjekt i fylket.

Våningshuset i Hatlelidgarden i Dyrdal var eit prosjekt som fekk tilskot i 2012, HK-sak 15/12. Det meste av prosjektet vart ferdigstilt, men det har stått att noko mindre arbeid. Av den grunn har fylkeskommunen ikkje utbetalt heile det løyvde tilskotet og i 2017 stod det att kr. 10 000 som ikkje var utbetalt. Fylkeskommunen har etterspurt tilbakemelding frå eigar ved

fleire høve, men då vi ikkje har fått noko tilbakemelding valde vi å trekke tilbake den resterande summen for å omfordele den til nye prosjekt, jf. brev til eigar av 23. mars 2017.

Løa på Solbakken i Undredal fekk i 2014 tildelt tilskot på kr. 200 000 til istandsetjing, HK-Sak 14/14. Dette prosjektet er ikkje starta opp og tilbakemeldinga frå eigar sin representant er at dei ulike eigarane treng meir tid for å gjere ein del interne avklaringar og at istandsetjinga ikkje kan starte opp før dette er gjort. På bakgrunn av denne tilbakemeldinga frå eigar sin representant har fylkeskommunen trekt tilbake det løyvd tilskotet i brev av 23. mars 2017. Det er ynskjeleg at løa på Solbakken vert restaurert, og eigar er informert om at dei har moglegheit til å søkje om tilskot til dette prosjektet seinare når dei har fått gjort dei nødvendige interne avklaringane.

I 2014 vart det løyvd tilskot til istandsetjing av Edling-Hans-stova i Undredal. Stova er sannsynlegvis det eldste huset i Undredal, og var i ein svært dårleg tilstand. Huset er i gjeldande reguleringsplan regulert til bevaring og det er viktig at dette prosjektet vert ferdigstilt. Arbeidet med istandsetjinga har gått seint, men pr. i dag er tømmerkassa reparert og kan flyttast tilbake til opphavleg stad. Før den kan flyttast tilbake må grunnmuren reparerast. Kostnadane med prosjektet er blitt vesentlegare høgare enn det som var lagt til grunn for søknaden i 2014. Eigar har av den grunn søkt om eit ekstra tilskot til reparasjon av grunnmuren.

### **Mogleg ekstra løyving**

Fylkeskommunen har fått tydelege signal frå Riksantikvaren om at det vil kunne komme ei ekstra løyving frå Riksantikvaren til fylket frå post 79. Frå Riksantikvaren si side er det viktig at eit eventuelt ekstra tilskot vert brukt i løpet av 2017. Vår tilbakemelding til dei var at det er realistisk å få brukt ein del ekstra tilskot til istandsetjinga av Hansaløa i Undredal.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

### **Edling-Hans-stova**

Edling-Hans-stova vart sannsynlegvis flytta til Undredal tidleg på 1800-talet. I Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøysfjorden har stova 1. prioritering i delområdet Undredal med tilhøyrande stølar. Bygningen er regulert til bevaring og det har vore ein lang prosess for å komme fram til oppstart av istandsetjing. Det vart løyvd tilskot til prosjektet i 2014 frå både post 79 og frå Norsk kulturminnefond. Dessverre har det tatt noko tid før prosjektet kom i gang, men i dag er tømmerkassa ferdig reparert i hall og klar for å flyttast tilbake til opphavleg stad i Undredal. Før huset kan flyttast tilbake er det nødvendig å få reparert grunnmuren.

Fylkeskommunen har i det siste halve året hatt dialog med eigar om framdrifta i prosjektet og utfordringane med at det i kostnadsoverslaget ikkje vart tatt med arbeid på grunnmuren. Nytt kostnadsoverslag frå murar Haakon Aase syner at ein forventa kostnad med grunnmuren vil vere ca. kr. 420 000. Grunna den høge kostnaden arbeider eigar med å få inn kostnadsoverslag frå ein annan murar i tillegg. Fylkesdirektøren vurderer det som viktig at dette prosjektet vert avslutta, og ei tilleggslyyving på kr. 210 000 vil bidra til at grunnmuren vert sett istand og at huset vert flytta tilbake. Den føreslegne løyvinga frå post 79 til istandsetjing av grunnmuren vil vere ei delfinansiering av istandsetjinga.

### **Mogleg ekstra løyving frå post 79**

Hansaløa i Undredal fekk tildelt kr. 400 000 i årets tildeling av tilskot frå post 79. Tildelinga var vesentleg mindre enn det eigar søkte om. Eigar har i dette prosjektet lagt opp til at istandsetjinga må gjerast etappevis. Eigar har rydda ut av bygningen og gjort avtale med snikkar og murar. Planen er at arbeidet med demontering av tømmerkassa startar rundt jonsok og etter at tømmerkassa er demontert startar arbeidet med istandsetjinga av grunnmuren. Arbeid med istandsetjing av tømmerkasse kan gjerast parallelt med arbeidet på grunnmuren og vidare ut over vinteren.

Av dei prosjekta som søkte om tilskot for 2017 fekk dette prosjektet tildelt vesentleg mindre tilskot enn det var søkt om. I saksutgreiinga vart det difor peika på at ein i dette prosjektet

måtte forvente at det vart behov for ytterlegare løyvingar. Ved å tildele det meste av eit eventuelt ekstra tilskot til dette prosjektet vil eigar ha moglegheit til å få gjort meir arbeid på bygningen i 2017 enn det som var forventa.

Fylkeskommunen nyttar 10% av tilskota frå post 79 til å finansiere stillinga som restaureringsleiar. Restaureringsleiar har mellom anna ansvar for å fylje opp med råd og rettleiing dei prosjekta som får tilskot frå post 79, og bidra til nye istandsetjingsprosjekt som er under planlegging.

I dialogen med Riksantikvaren om eit mogleg ekstratilskot vart det presisert at det var viktig at eit eventuelt tilskot vart nytta i 2017. For at dette skal vere realistisk er det etter fylkesdirektøren si vurdering viktig at desse midlane vert tildelt dei enkelte prosjekta før sommaren, slik at tilskotsmottakar har moglegheit til å nytte dei i løpet av 2017. Ei fordeling av eit eventuelt ekstra tilskot frå Riksantikvaren bør etter fylkesdirektøren si vurdering gå til fylgjande:

- Den vidare istandsetjinga på Hansaløa i Undredal.
- 10% av tildelinga vert sett av til stillinga som restaureringsleiar.

### **3. Konklusjon**

Fylkesdirektøren syner til drøftingane ovanfor og ber hovudutvalet om å gjere vedtak i tråd med framlegg.